

## Kurs 2: Verdien av data

Er verksemda di klar til å ta steget mot ein meir datadriven framtid? European Digital Innovation Hub Oceanopolis ønskjer saman med Aksello velkomen til vårt spanande digitaliseringskurs, der vi utforskar korleis data kan vere nøkkelen til grøn omstilling, vekst og konkurransekraft!

**Utforsk verdien av data:** Lær korleis verksemdar sine data kan omformast til verdifulle dataressursar. Våre ekspertar vil dele innsikt om korleis rett innsamling, analyse og forvaltning av data kan føre til betre innsikt, betre avgjerder og auka effektivitet, forbetra produkt og tenester, samt styrkte kundeforhold.

**Oppdag skjulte moglegheiter:** Gjennom inspirerande og praktiske døme vil vi vise deg korleis andre verksemdar har lukkast med å nytte data til å identifisere nye moglegheiter, forbetre kundeopplevinga og auke lønsemda.

**Bygg ein datadriven kultur:** Lær korleis du kan byggje ein organisasjonskultur som fremjar datainnsikt og datadrivne avgjerder. Våre tips og rettleiing om endringsleiing vil hjelpe deg å navigere i overgangen til ei meir datadriven verksemd.

**Fremtidssikre verksemda di:** Kurset vil gje deg innsikt i verktøya du treng for å førebu bedrifta di på å hente ut verdien av data. Vi hjelper deg å forstå verdien av digitale tvillingar og når verksemda bør ta i bruk kunstig intelligens.

Bli med oss på eit spanande kurs og legg grunnlaget for ei meir datadriven, effektiv og konkurransedyktig verksemd!

**Tid:** 23. september, veke 39, kl. 12:15–14:45

**Stad:** Comfort Hotel Victoria, Florø

### Om arrangementet

Arrangementet er utvikla av Digital Innovation Hub Oceanopolis AS innanfor DIGITAL Europe-programmet som ein del av «European Digital Innovation Hub Oceanopolis». Arrangementet er finansiert av Den europeiske union, Innovasjon Norge og Vestland fylke.



Co-funded by  
the European Union